

RETNINGSLINJER FOR KULTURSKULEN I ÅSERAL

Om tilbodet

Kulturskulen er ope for alle kommunen sine innbyggjarar, men born og ungdom er hovudmålgruppa. Kulturskulen har undervisning i Åseral.

For alle undervisningstilbod i kulturskulen stilles det krav til elevane når det gjeld arbeidsinnsats og oppførsel.

Det er forventa at eleven kjem førebudd til timane og til avtalt tid.

1. Betaling

Faktura blir sendt ut to gongar i året, haust og vår.

Kontingent jamfør prisliste som kommunestyret vedtek for kvart år

Elevar i dans må pårekne ekstra kostnad knytt til materiell i tillegg til kontingenten.

Elevar innan musikk forventast å sjølv kjøpe sine læreverk.

Manglande kontingentbetaling kan føre til at ein mister elevplassen.

2. Søskenmoderasjon

20% frå elev nummer 2, 30% frå elev nummer 3 i samme husstand:

Den første eleven full pris, elev nummer to får 20% redusert kontingent, elev nummer tre får 30% redusert kontingent.

Det blir gitt søskenmoderasjon for ein kontingent per elev i same husstand.

3. Instrumentutleige

Hovudregelen er at elevane sjølv må eige sine instrument, men skulen har noko utstyr som kan lånast i oppstart/testfase.

4. Fråvær elev

Undervisningstimar som fell bort på grunn av elev sitt fråvær blir ikkje erstatta. Dersom eleven ikkje kan møte til undervisninga skal lærar ha beskjed på førehand. Er eleven borte frå undervisning 4 gonger på rad utan å melde frå om det mistar han elevplassen.



5. Vikarar

Er læraren forhindra frå å møte til ein time, vil det i den grad det er mogleg bli sett inn ein vikar. Dersom det ikkje lukkast å skaffe vikar vil eleven få beskjed om at undervisninga utgår. Elevavgifta blir redusert førehaldsmessig når tal avlyste timer utgjer meir enn 3 timer per undervisningsår.

6. Opptak og utmelding

Ved opptak får eleven tildelt tid for undervisning som tilpassast den einskilde lærar sin timeplan.

Påmelding er bindande for eitt semester. Dersom ein elev ønskjer å slutte før semesteret er fullført, må likevel full semesteravgift betalast. Unntak er sjukdom over lang tid eller flytting frå kommunen.

Nye elevar kan slutte etter dei to fyrste undervisningsvekene dersom dei finn ut at tilbodet ikkje passer.

Elevar blir automatisk overført til neste semester dersom plassen ikkje seiast opp innan oppseiingsfristen.

Både opptak og utmelding av kulturskolen skal skje via eigne elektroniske skjema.

7. Søknadsskjema

Digitalt søknadsskjema på heimesida til kommunen skal nyttast. Søknadsfrist haustsemester 1.juli, vårsemester 15. november

8. Oppseiing av plass

Frist for utmelding vårhalvåret: 15. november.

Frist for utmelding hausthalvåret: 1. juli.

Elevar blir automatisk overført til neste semester dersom plassen ikkje seiast opp innan oppseiingsfristen.

9. Venteliste

Kulturskulen har som mål å gje alle søkarar ein plass. Dersom søker ikkje får tilbod om plass, må det søkast på nytt for neste skuleår. Dei som står på venteliste frå før prioriterast framføre nye søkarar. Når det gjeld gruppeundervisning, er vi avhengig av at det melder seg nok søkarar.

